



# BACHELOROPPGÅVE

## **Handtering av utviklingshemming, sinne og aggressjon i skulen**

- ART som tiltaksprogram

Av

Rita Bergum Hansen  
Kandidatnummer:6

**Dealing with individuals with retardation, anger and aggressjon at school  
- ART as measures program**

Vernepleie

BSV5- 300 Bacheloroppgåve

Mai 2016

## Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva *Handtering av utviklingshemming, sinne og aggresjon i skulen - Art som tiltaksprogram* i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneholder materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer:6

Namn: Rita Bergum Hansen

JA :X            NEI \_\_

## **Føreord**

Eg har valt å skrive om handtering av utviklingshemming, sinne og aggressjon i skulen, med ART som tiltaksprogram. Grunnen til val av tema til bacheloroppgåva er praksisperioden våren 2015, då eg var på ein spesialskule for barn med utviklingshemming. Her vart eg introdusert for ART som program for å førebygge og hindra utagering. Vegleiaren min i praksis var ART trenar og eg fikk vere med å observerte og sjå effekten av metoden. Eg har eg valt å skrive om vernepleiaren si rolle i den vanlege skulen, sidan det ofte er ei kjent problemstilling i skulekvardagen.

Når eg skulle velje tema for bacheloren min, var eg ikkje i tvil om kva eg ville skrive om, fordi eg synst dette var så lærerikt. Eg vil derfor undersøkje meir om denne metoden har effekt eller ikkje, på bakgrunn av forsking.

Stor takk til Finn Steenfatt Thomsen for god rettleiing gjennom prosessen med bacheloroppgåva.

Eg vil også takka Gro Pettersen for at ho introduserte meg for ART som metode i skulen og for ei kjekk og lærerik praksisperiode som inspirerte meg til å skrive om dette som tema i bacheloroppgåva mi, samt hjelp til å finne relevant litteratur.

## **Innhaldsliste**

Føreord.....	1
1. Innleiing .....	4
2. Disposisjonen til oppgåva .....	5
3. Metodiske val .....	5
3.1 Metode som begrep .....	5
3.2. Litteraturstudie og kjeldekritikk .....	6
3.2.1 Søkeprosess .....	7
4. Definisjonar .....	7
4.1 Menneske med utiklingshemming.....	8
4.2 Sinne og aggressjon.....	9
4.3 Åtferdsproblem .....	10
4.4 Empati og livskvalitet.....	10
5. Vernepleiaren på skulen .....	11
5.1 Rolla til vernepleiaren .....	11
5.2 Sjølvkontroll og tilrettelegging.....	11
5.3 Yrkesetikk og tvang.....	12
5.4 Tverrfagleg samarbeid .....	13
6. Tiltaksprogram mot aggressjon .....	14
6.1. Aggression Replacment Training som metode.....	14
6.1.1 Sosial ferdighetstrening.....	15
6.1.2 Sinnekontroll .....	16
6.1.3 Moralsk resonnering.....	17
6.2 ART trenar .....	18
6.3 Strukturen til ART timane .....	18
7. Forsking.....	18
8. Diskusjon.....	20
8.1 Hjelper ART i forhold til sinne og aggressjon? .....	20
8.2 Kvifor hjelper ART?.....	21
8.3 Korleis verkar ART i praksis.....	22
9. Konklusjon .....	24
10. Litteraturliste .....	26

## **1. Innleiing**

Vernepleiaren sin jobb på skulen blir ofte retta mot barn som ikkje klarar å takle sinne, aggresjon eller mot dei barna som har ein utviklingshemming. Tidlegare vart det nytta faguttrykk som åndssvake, evneveike, problembarn eller idiot for elevar eller personar med psykisk utviklingshemming. Idiotar vart dei kalla på grunn av ein diagnose eller ei liding og det var manglande kunnskap på området (Buli-Holmberg & Ekebesg, 2013). Når ein ikkje blir forstått kan dette vere ei av årsakene som utløyser sinne og aggresjon noko som fortsatt er aktuelt. For meg verkar det som at kunnskapsnivået har stige betrakteleg på dette området og i dagens samfunn er det stort fokus på at alle menneske er like mykje verdt. Dersom ein elev treng litt ekstra hjelp til å meistre skule, jobb og forskjellige aktivitetar betyr ikkje det at han eller ho er idiot eller problembarn. I denne oppgåva tek eg føre meg kva for rolle vernepleiaren har i skulen. Barn er store delar av dagen på skulen og utfordringane, som til dømes aggresjon dukkar like gjerne opp på skulen som heime. Åtferdsproblematikken i skulen står fram som ein av dei største utfordringane lærarane må handtere på skulen (Nordal, Mausethagen & Kostøl, 2009). Og vernepleiarane er ofte dei personane som har kompetanse til å hjelpe og forstå elevar som før vart sett på som idiotar, men i dag blir sett på som elevar med ekstra behov, som treng tilrettelegging. Eg vil ta føre meg ein metode som ein kan nytte i arbeid mot utagering. Denne metoden heiter ART (Aggression Replacement Training) som er eit program der ein trenar på sosiale ferdighetar, sinne kontroll og moralsk ressoneringstrening. Diskusjonen til slutt handlar om programmet og om det har verknad. I denne oppgåva tek eg føre meg:

*"Kva er vernepleiaren si rolle i skulen i forhold til åtferdsproblem og utagering av barn og på kva måte kan ART programmet hjelpe til å løyse dei utfordingane som oppstår ved aggresjon og sinne?"*

## **2. Disposisjonen til oppgåva**

Eg startar oppgåva med ei **innleiing** som omhandlar det eg skal skrive om i oppgåva.

Vidare i oppgåva skriv eg om **metode**. Der fortel eg om metoden som begrep og kvifor eg har valt å skrive eit litteraturstudium. Eg tek også føre meg kjeldekritikk og søkerprosessen til bacheloroppgåva, her nytta mest litteratur frå Dalland (2015).

I **hovuddelen** tek eg føre meg definisjonar av utviklingsheming, sinne og aggressjon, åtferdsproblem og empati. Vidare skriv eg om vernepleiaren si rolle på skulen der eg skriv om sjølvkontroll og tilrettelegging, yrkesetikk og tvang der eg brukar for det meste litteratur henta frå Fellesorganisasjonen (FO,2008). I tillegg til at eg skriv om tverrfagleg samarbeid på skulen. Vidare analyserar eg ART som program der eg først forklarar kva ART er ved bruk av litteratur frå Gundersen & Moynahan (2014) og frå Natrud (2004), så går eg gjennom korleis strukturen på ART timane er og til slutt forsking på tema.

I **drøftinga** tek eg føre meg eg om ART har verknad på bakgrunn av resultata i forskinga til Eliassen(2012) og Moe & Stamnes (2016) og svarar deretter på problemstillinga som eg presentetar i innleiingsvis. Begrepa som vert nytta i oppgåva gjer eg greie for i den samanhengen dei blir nytta.

Til slutt kjem **konklusjonen** der eg seier meir om mi meining rundt temaet.

## **3. Metodiske val**

Eg har valt eit littaturstudie samt nytta kunnskapen eg har om temaet frå før, som grunnlag til bacheloroppgåva. Dette vil gjere at kunnskapen min frå praksistida vil komme til nytte. Eg skal også ta føre meg kjeldekritikk og søkerprosess her.

### **3.1 Metode som begrep**

Sosiologen Vilhelm Aubert blir ofte sitert når det kjem til ein måte å forklare ordet metode på. "*En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metode*" (Dalland,2015, s.111) Ein grunn til å velje ein bestemt metode er at den gjev data og belyser spørsmåla våre på ein fagleg interessant måte. Når ein vil undersøkje noko er metoden eit reiskap. Eit reiskap i den forstand at det hjelper oss med å samle inn informasjonen ein treng for å undersøkje, også kalla å samle inn data (Dalland,2015). I denne oppgåva skal eg

samle inn data ved å gjera litteraturstudium, og analysere og drøfte mine forskingsspørsmål gjennom ein problemformuleringsmetode.

### **3.2. Litteraturstudie og kjeldekritikk**

Når ein skal velje metode til bacheloroppgåva kan ein velje mellom to forskjellige måtar; emperi og litteraturstudie. Dersom ein vel emperi, lyt ein samla inn data, undersøka og forska sjølv samt nytta eige materiale for å svare på oppgåva. I litteraturstudie nyttar ein forskinga og litteratur som allereie er utgreia av andre. Bacheloroppgåva mi er ei litteraturstudie og eg kjem til å knyte litteratur til erfaringane eg ha fått gjennom praksis, og det er ulike fordeler og ulemper ved å ta føre seg eit litteraturstudium. Med eit litteraturstudie kan lage ei oversikt over relevant kunnskap på området som gjer at ein kan tilegne seg sjølv ny kunnskap og nyttar denne kunnskapen som teoretisk perspektiv og grunnmur i arbeidet. Ulemper med litteraturstudie er at det i tilfeller er vanskeleg å finne god forsking på temaet som ein kan dra med seg i ei oppgåve. Val av kjelder er derfor ein viktig og tidskrevjande prosess.

Alt materiale ein nyttar for å skrive oppgåver er kjelder. Det er forskjellige krav til kjeldene ein nyttar. Krav til korleis ein søker etter kjelder, korleis ein vurderar dei, korleis ein gjer greie for kjeldene og korleis ein nyttar dei. Ein må alltid forhalde seg til litteraturen i faget, uansett om ein har praksiserfaring eller data frå eigen studie. Litteraturen kan hjelpe oss til å sjå samanhengar og utviklingstrekk. Derfor har eg i denne oppgåva funne litteratur som understrekar mine praksiserfaringar, sidan eg i drøftinga ynskjer å dra inn erfaringane eg har om temaet. Ein brukar kjeldekritikk ved å vere kritisk til det ein finn, då kan ein finne ut om kjelda er sann (Dalland,2015). Med dette kan val av databasar og søkeord ha mykje å sei. Ved å bruke biblioteket sine basar kan ein forsikre seg om at kjeldene ein finn er sanne, sidan artiklar må bli godkjent for å bli lagt ut som fagfellevurderte tekstar.

Ved bruk av eit pedagogisk program som til dømes ART, må ein vurdera programmet kritisk, dette for å sikre kvaliteten på programmet. Behovet for pedagogisk refleksjon i læringssamanhenga aukar i situasjonar der det heile tida dukkar opp nye behov og idear (Dale, 1997). Det fins mange forskjellige program som til dømes ART. Kvalitetsikring kan ein også vurdere ved å lese både forsking på nasjonalt nivå, men også internasjonalt, dette kan vere med på å dokumentere om programmet har effekt. Med dette meinar eg at ein ikkje skal fastsetje seg ved eit program, men ein må vurdere andre program opp mot det ein ynskjer å

nytte. Ein må sjå på verknad, men også biverknad av dei forskjellige programma og vurdera det opp mot kvart enkelt individ.

### **3.2.1 Søkeprosess**

Før eg starta å søke, sendte eg først ein hendvending til min vugleiar i praksis, eg fortalte ho kva eg ynskja å skrive om og spurte om ho visste om relevant forskingsbaserte artiklar. Eg fikk då tilsendt nokon relevante forskingsartiklar frå ho. I tillegg har eg også nytta høgskulen sine databasar for å finne noko sjølv. For å få mest ut av søkinga mi nytta eg fleire forskjellige databasar.

Relevante søkeord: "Aggresjon", "Åtferdsproblem", "Vernepleiar", "Aggression Replacement Training", alle på nynorsk, bokmål og engelsk. Orda seier mykje om kva teksten inneholder. Ved å nytte hermeteikn framfor og etter orda seier ein til databasen at søket skal innehale dette ordet, og ein får dermed fjerna tekstar og dokument som ikkje er relevante. Ved å nytte søkeorda kvar for seg kunne eg komme fram til same artiklar i databasane. Eg fant mykje litteratur på engelsk, og lite på norsk ved bruk av " Aggression Replacement Training" som søkeord. Ved bruk av fleire databasar kom norsk forsking meir fram. Eg har nytta databasen Oria mest, Eric og idunn, dette for å få eit mangfold å velja mellom. Men sjølv om eg har nytta fleire databasar er det sannsynleg at eg ikkje har fått med meg alt som hadde vore relevant. Eg har bestemt meg for å bruke norske fagfellevurderte tekstar sidan eg vil undersøkje kva verknad programmet har hatt Noreg. Eg har også sett på kjeldene som er nytta i dei forskjellige artiklane, og nytta relevant material derifrå. Ein må ha nokre avgrensingar i bacheloroppgåva, eg har derfor bevist valt å konsentrere meg om desse definisjonane under.

## **4. Definisjonar**

Ein vernepleiar har kompetanse til å ta tak i åtferdsproblem og utagering. Eg vil no ta føre meg utviklingshemming, åtferdsproblem, aggresjon, sinne og empati og definere kva som er meint med dei forskjellige uttrykk. Dette er uttrykka som vil komma at fleire gonger i teksten, så det er greitt å ha felles forståing for kva som er meint. Det er desse områda eg vil fokusere på i bacheloroppgåva og elementa kan henge saman og gå inn i kvarandre.

Som vernepleiarstudent ser eg nytta av å førebu. Førebu elevar til å takle å bli sinte. Alle kan bli sinte, men korleis ein taklar det varierar mykje. Dersom reaksjonen av sinnet er å reagere fysisk (slå eller sparke) kan det føre til store konsekvensar med andre menneskjer i nærleiken. Sinne kan utvikle seg til åtferdsproblem. Ei årsak til åtferdsproblem kan til dømes vere

utviklingshemming, og som eg har skrive tildlegare er åtferdsproblematikken i skulen ein av dei største utfordringane lærarane møter på skulen.

#### **4.1 Menneske med utviklingshemming**

Diagnosen psykisk utviklingshemming bygger på åferds og funksjonsbeskrivingar. Eit anna begrep for psykisk utviklingshemma, er å sei menneske med utviklingshemming, som blir nytta av interesseorganisasjonar (Eknes, Bakken, Løkke & Mæhle, 2009). Det finnes forskjellig grad av diagnosen; lett, moderat, alvorleg og djup. Barna har ein relativt normal utvikling fram til presisert alder. Det er først når ein set elevane opp mot kvarandre i ei læringskurve, ein ser den største forskjellen, då elevar med utviklingshemming lett kan falle bak i forhold til dei jamngammle elevar. Under har eg skrive meir om dei ulike gradene av utviklingshemming og fortel kva det vil sei for læringa til barn på skulen.

**Lett grad** har IQ mellom 50-69, og ein har ein mental (kognetiv) alder mellom 9-12 år. På skulen vil dette sei: "*Eleven kan lære seg skoleferdigheter tilsvarende siste del av grunntrinnet (6 klasse) i siste del av tenårene; "passende" sosiale ferdigheter*" (Eknes m.f., 2009,s. 20).

**Moderat grad** har IQ mellom 35-49, og ein mental alder mellom 6-9 år. På skulen vil dette sei: "*Eleven kan lære noen sosiale ferdigheter og ferdigheter tilpasset yrkesfag; noen skolefaglige ferdigheter som på grunntrinnet. Eleven kan reise alene på kjente plasser*" (Eknes m.f., 2009,s. 20)

**Alvorleg grad** har IQ mellom 20-34, og ein mental alder mellom 3-6 år. På skulen vil dette sei: "*Eleven kan snakke eller lære å kommunisere. Eleven kan lære enkle vaner knyttet til egenomsorg(helse); har nytte av innlæring av rutiner*" (Eknes m.f., 2009,s. 20).

**Djup grad** har IQ under 20, og ein mental alder under 3 år. På skulen blir eleven karakterisert i same grad som alvorleg (Eknes m.f., 2009,s. 20).

Årsakene til diagnosen kan vera mange, og det treng ikkje nødvendigvis vera noko karakteristiske symptom eller veremåte som er avgjerande for tilstanden. Kjenneteikn ved tilstanden av betydeleg funksjonsnedsetting er intellektuell funksjon og adaptiv åtferd, dette vil seie at personen har IQ under 70 og svikt i adaptiv åferd. Svikt i adaptiv åtferd betyr at ein har vanskar med å meistre enkle kvardagslege krav til dømes ete med bestikk (Eknes m.f., 2009). Med dette forstår eg at den mentale alderen til ein person med utviklingshemming varierar ut i frå kva grad utviklingshemming ein har. Som eg har skrive tidlegare er det først

når ein set elevane opp mot kvarandre i ei læringskurve, ein ser den største forskjellen, då elevar med utviklingshemming lett kan falle bak i forhold til dei jamngammle elevar. Det i seg sjølv kan vere årsaka til å utvikle sinne og aggressjon.

#### **4.2 Sinne og aggressjon**

Linde (2010) skriver at åtferd er handlingar som ein person gjer, altså ein oppførsel som ei uttrykksform. Ein person sin åtferd er eit resultat av personen si utvikling, og ei gruppe sin åtferd bestemt ut frå felles tradisjonar, vanar og normer. Åtferd er eit nøytralt ord som ofte blir anerkjent med åtferdsproblem. Sinne er ein følelse på same måte som glede eller fortviling. Aggresjon er ein handling. "*Man kan være sint uten å være aggressiv, og aggressiv uten å være sint*" (Linde S., 2010, s.5). Alle kan bli sinte av og til, og aggressjon kan like godt vera knytt til identitet som ideologi. Ved aggressjon blir det skapt ein effekt, og dette skapar igjen frykt. Ei oppleving av makt ved å herse med andre menneske kan føre til at åtferda blir forsterka. Sinne er normalt når ein opplever at noko er urettferdig, håplaust eller om ein opplever skam eller krenking. Aggresjon opptrer gjerne dersom ein opplever ein sosial situasjon der ein føler seg krenka. Dette betyr ikkje at den som krenka gjore ei handling med vilje, men mottakinga til personen tolkar det slik. Aggressive handlingar blir utført av dei fleste småbarn, og føresette eller nokon som står barnet nært oppdrar og går aktivt inn for å avvege aggressiviteten ved verbal instruks.

Døme på fysisk og verbal aggressjon også kalla utagering kan vere regelbrot og utagerande åtferd som skulk, tjuveri, vold, herverk, og rusmisbruk, dette er åtferd som i dagens samfunn diverre er blitt meir vanleg enn uvanleg. Åtferda gjentek seg ofte og det visar seg at den har ei viss hyppigheit. Dersom den er vedvarande og har føregått over tid, kan ein finne eit heilskapleg mønster. Her er det snakk om barn og unge med åtferdsmønster som er prega av antisosiale handlingar. Som eit alternativ til kompensasjon tek barn og unge i bruk vold og aggressjon som kommunikasjon og problemløysingsform (Natrud, 2004).

Sinne er eit naturleg forsvarsmekanisme i kroppen. Det er ikkje negativt før sinnet treff eit slikt nivå, at det hemmar kvar enkelt til å ta dei normale vurderingane i situasjonen, og vidarefører den til uhensiktsmessig aggressjon (Gundersen & Moynahan 2014). Det som utløyser eller triggar sinnet kan vere indre og ytre hendingar. Døme på ytre hendingar kan vere at nokon dultar borti eleven med vilje, stygge blikk og sleip og skeiwt smil. Indre utløysarar er tankar eleven seier til seg sjølv. Det er først når dei indre og yrte triggjarane kombinerast, at sinne blir utløyst.

### **4.3 Åtferdsproblem**

Når ein byrjar å sjå eit mønster i sinne og aggressjon over tid, har det gått over til eit åtferdsproblem. Barn og unge som har åtferdsproblem skapar ofte betydelege vanskar både i familien, på skulen og for samfunnet. På sikt vil åtferdsproblem skape problem for barnet sjølv. Studiar i Noreg syner 10% av barn og unge ligg innanfor ei mild definisjon av åtferdsvanskar, mens 2% av dei har ein alvorleg grad av åtferdsvanskar (Strømgren, 2005). Åtferdsproblem har ein samanheng med ei rekke risikofaktorar både heime, på skule, i vennegjeng, og i ungdommen sjølv. Døme på risikofaktor knytt til ungdommen sitt miljø er negative relasjonar, negativt oppdragelsesmønstre frå familie, venner med åtferdsvanskar og dårlig klasseleiing. Ein opplever ei auking av problemåtferd i skulen, spesielt den aggressive (Strømgren, 2005). Aggresjon og vold er lært åtferd. Dette blir lært gjennom observasjon, imitasjon, direkte erfaringar og trening (Natrud, 2004).

Det visar seg at den sosiale kompetansen vert meir og meir viktig i dagens samfunn, dette grunna i at ein pendlar mellom ulike arenaer, der det blir stilt store krav til at ein skal kunne tilpasse oss dei ulike situasjonane og utfordringane me møter. Dersom ein ikkje meistrar dette fell ein fort utanfor. Manglande meistring på dette området kan føre til at ein trekkjer seg tilbake eller etablerar åtferd som kompenserar for manglande meistring til dømes aggressiv åtferd (Natrud, 2004). Det blir aukande behov for tiltak i skulen mot uro og vold. Ein opplever at problemåtferd i skulen aukar, særleg den aggressive (Strømgren, 2005). Når ein skal undersøkje aggressjon må ein også sjå på det mostsette som er empati.

### **4.4 Empati og liuskvalitet**

Å vere empatisk tyder ikkje det at ein opplev det same som nokon andre, men handlar om å forstå den andre si verd frå eige ståstad. Med andre ord frå sin eigen horisont (Røknes & Hanssen, 2012). Empati tyder innfølelse, altså å leve seg inn i andre sine opplevingar med tanke på innhald og det følelsemessige. Den empatiske evna har mykje å sei for persepsjon altså tolking frå sansane og den moralske dømmekrafta. Ein kan sjå at personar som manglar empati, berre i ei liten grad vil kunne handle moralsk riktig (Røknes & Hanssen, 2012).

Empati er altså viktig for å kunne klare å handle moralsk, noko som er svært viktig for barn med aggressjonsproblem. Det visar seg at *"Empati og aggressjon er uforenelige mellommenneskelige resorer, derfor vil trening i den første virke som hjelp til å minske den andre"* (Gundersen & Moynahan, 2014, s. 251). Dette betyr at ein jobbar med aggressjon og empati parallelt. Å trenere på empati er ein viktig komponent i treninga av sosial kompetanse

(Gundersen & Moynahan, 2014). Dette er noko som gjer vernepleiaren si rolle i skulen viktig, og eit reiskap ein kan nyte kan vera ART programmet, som vert omtala seinare i oppgåva.

Empati og livskvalitet heng saman med at ein empatisk person har betre vilkår for å oppleve god livskvalitet enn ein person med aggressjonsproblem. Livskvalitetsbegrepet inneholder levekår, og psykisk helse. Ordet livskvalitet i denne samanheng handlar om tilferdststille tilværelsen, altså korleis eleven har det. Det kan vere til dømes å ha god kontakt med sine nærmeste, trivsel, god funksjon på skulen. Ein person som har det godt og har høg grad av livskvalitet dersom ein har desse vilkåra oppfylt: Er aktiv, har samhøyrs, har sjølvføling og har ein grunnstemming av glede (Næss,2001).

## **5. Vernepleiaren på skulen**

### **5.1 Rolla til vernepleiaren**

10 % av barn ligg under ein mild grad av åtferdsproblem, og ein elev kan påverke heile læringsmiljøet til ein klasse (Strømgren, 2005). Derfor vert kompetansen til vernepleiaren i skulen meir og meir aktuelt, og eg trur etterspurnaden etter vernepleiarar i skulen blir berre større, og dei har stilling som miljøterapeutar og vernepleiar. Vernepleiaren har kompetanse til ein individuell tilrettelegging og set brukarmedverknad/ sjølvbestemming i fokus i arbeidet.

Føremålet til skulen er i følgje opplæringslova slik at i grunnskulen skal: "*utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli ganglege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn*" (FO,2008).

Rammeplanen til vernepleiar utdanninga påpeikar at ein vernepleiar blir kvalifisert til å utføre miljøarbeid, habiliterings arbeid og rehabilitering saman med mennesker med fysiske, psykiske eller sosiale funksjonsvanskar som ynskjer og har bruk for slike tenester. Eit overordna mål vernepleiarane jobbar mot er å bidra til at menneske ein arbeidar saman med oppnår høgast grad av livskvalitet. For å få til dette tek vernepleiarane utgangspunkt i dei enkelte sine ressursar i deira arbeid med å tilrettelege for utvikling, veldikehald av ressursar, førebygge funksjonsvikt og fremje auka livskvalitet (FO,2008). Vernepleiaren si rolle er å sette ramme for god livskvalitet.

### **5.2 Sjølvkontroll og tilrettelegging**

Som eg tidlegare har skrive om empati og livskvalitethandlar handlar det om at barna kan oppnå høg grad av livskvalitet på skulen. Det handlar om at eleven sjølv har kontroll over

moglegheita til å påverke val og beslutningar, innan ei viss ramme ein som er ein viktig faktor. Tilrettelegging for læring i sjølvbestemming er ein sentral del av skulen sine oppgåver. Ein lærer barn å nytte sin eigen kompetanse, som er ein del av eleven sitt grunnlag for val. Det gjer at eleven er i stand til å løyse bestemte oppgåver eller å nå eit bestemt mål (Nygren, 2006-2007). Vernepleiaren sin kompetanse og arbeidsmåte kan vere ein viktig ressurs for at elevar skal kunne tilegne seg kompetanse om sjølvbestemming og få utøve sjølvbestemming. Dette gjeld spesielt for personar som har vanskar med kommunikasjon, slik som å uttrykke seg og formidle eigne ynskjer og behov. Vernepleiaren har ein heilskapleg innfallsvinkel til arbeid med elevane (FO,2008). I tillegg til dette kan også vernepleiaren handtere legemiddel, og bidra til trygg og riktig handtering av legemiddel til elevar som brukar ulike former for medikament. Observasjon og kartlegging av verknaden eller biverknadar er vesentleg for det pedagogiske arbeid med desse elevane. Å ha denne kompetansen inn i skulen gjer at ein kan planlegge, gjennomføre og evaluere ulike typar pedagogiske tiltak, innan sosial kompetanse og teoretisk kunnskap (FO,2008).

For å få kunnskap om behov på individnivå kan kompetansen til ein vernepleiar vere nyttig. Fokuset vil då vere på kva som kan understøtte ein positiv utvikling av eleven sine ressursar og livskvalitet. Vernepleiaren si merksemd er retta både mot rammefaktorar i miljøet og individuelle føresetnadjar. Kartlegginga av dette vil vere avgjerande for eleven sin utviklingsmogleheit. Dette gjeld dei elevane som ikkje i like stor grad kan utnytte dei vanlege undervisningsformene og opplæringstiltak. Vernepleiaren kan vere med å bidra til å tilleg avdekke slike spesielle behov. Nokre elevar treng ofte meir enn dei standariserte opplegga for at dei skal lære på lik linje som andre (FO,2008). Med dette forstår eg at vernepleiarane jobbar med elevar som treng ekstra tilrettelegging i ein eller anna forstand. Årsaka til dette behovet kan vere mange, som eksempelvis ein utviklingshemming, utagering eller sosiale problem. I praksis vil nokre av oppgåvene til ein vernepleiar bestå av å ha ansvar for opplæringstilboden til enkelte elevar med utviklingshemming. Ein kan også bistå med og ha ansvar for trening i sosial kompetanse, åtferdsendring, endring i miljøbetingelsar og andre tiltak knytt til elevar med åtferdsproblem. Ved å få vernepleiaren inn i skulen kan ein førebygge åtferdsproblem før dei oppstår, fordi slike problem kan bli lettare og tidlegare oppfatta.

### **5.3 Yrkesetikk og tvang**

For vernepleiaren er yrkesetikken sentral, den er basert på humanistiske og demokratiske verdiar, dette er grunnleggande for vernepleiaren i skulen. Uavhengig av kva føresetnadjar og

utfordringar eleven har, møter venepleiaren elevane med respekt og likeverd. Alle elevar skal få moglegheit til å utvikle sitt eige potensial gjennom tilpassa opplæring. Vernepleiaren har også eit bevisst forhold til bruk av tvang og makt ovanfor personar i arbeidet. Yrkesutøvinga er basert på kunnskapar og ferdigheitar som legg eit grunnlag for førebygging og alternativ til tvang. I praksis kan eit alternativ til tvang vere til dømes å bytte personale eller avlede eleven i staden for å utøve makt eller tvang (FO,2008). På praksisstaden min opplevde eg ein del utagering hjå enkelte elevar. Den eine eleven som utagerte mykje med til dømes kloring, lugging og skriking. Dette gjekk utover medelevar, lærarar og miljøterapeutar. Då miljøterapeutane eller læraren såg teikn på at det kom til å skje noko sa dei namnet til eleven og så stilte dei eit vilkårleg spørsmål, eller spurte om eleven trengde ein pause. Då gjekk eleven ofte sjølv ut av klasserommet og tok seg ein 5 min pause, i staden for å lugge medeleven som sat ved sida av. Dette kunne vere nok til å avlede eleven, som er eit alternativ til tvang på skulen. For å kunne oppdage dette må ein kjenne elevane godt. Det er ikkje alltid like lett å oppdage at eleven vil utagere, sidan det var ikkje alltid kjem tydleg teikn på førehand.

#### **5.4 Tverrfagleg samarbeid**

Når det er samarbeid mellom ulike fagpersonar med ulik utdanning og desse jobbar saman for å oppnå eit mål kan ein kalle det tverrfagleg samarbeid (Buli-Holmberg & Ekebesg,2013). I skulesamanheng vil dette sei eit samarbeid mellom lærarar, miljøterapeut, fysioterapeut og føresette for å komme fram til det beste for eleven, for å nemne eit eksempel. Når fleire yrkesgrupper samarbeidar mot same mål vil det bli meir kompetanse og fortare å komme fram til einigkeit om same mål. Nødvendigheita av tverrfagleg samarbeid blir større ut frå dagens samfunnsutvikling og for barna sine oppvekstmiljø. Ein får ei heilskapleg vurdering og fagleg støtte der ein utnyttar effektive resursar som aukar kompetansen (Glavin & Erdal,2010).

Usemjø kan komme fram, og alle respektera kvarande som fagpersonell med forskjellige yrkesbakgrunnar. Ein må også vere villig til eit samarbeid, elles fungerar det ikkje. Dersom eit slikt samarbeid skal lata seg gjera, er det viktig at alle har klare arbeidsoppgåver som til dømes å utnemne ein leiar. Barnet med åtferdsvanskar har som regel ikkje berre vanskar på skulen, men også heime. Det er ikkje tilstrekklege med tiltak på kun den eine arenaen. Og foreldra vil sjølv trenge støtte å vegleiing, noko som gjer at eit tverrfaglag samarbeid aktuelt (Drugli,2012).

## **6. Tiltaksprogram mot aggressjon**

Her tek eg føre meg eit program der målet er å redusere utagering på barn i skulen. Det er mange program eller tiltak ein kan nytte med forskjellig fokus, som til dømes åtferdsanalyse, PMT (parent manegment training), Oleweus og Zero for å nemne nokon. Eg har valt å sjå nærare på programmet ART, sidan eg har sett korleis det fungerar i praksis og har lyst å finne ut meir om programmet. I praksis har eg sett programmet i bruk på elevar med autisme, downsyndrom, fatalt alkoholsyndrom, ADHD og nokon uspesifiserte syndrom, alle med psykisk utviklingshemmingar. Ein kan ikkje med sikkerheit sei at programmet er bra for alle, då alle er forskjellige og ein lyt vurdera kvart individ for seg, men programmet fungerar bra for nokon. Eg skal no utgreie om ART som program, og sjå på om den eigentleg har nokon verknad.

### **6.1. Aggression Replacment Training som metode**

ART står for Aggression Replacment Training, trening for aggressjons erstatning og er ein metode eller program der ein trenar på sosiale ferdighetar som det å lytte eller det å takle sinne ved og telle til ti i staden for å slå. Vidare har ein moralsk resonnering der ein lærer seg å vurdere kva for konsekvensar handlinga vil ha for seg sjølv, men også for andre i det sosiale fellesskapet (Gundersen & Moynahan 2014). Det er eit ferdigheitsførebyggjande program for barn og ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Programmet har opphav frå USA og røter tilbake til 70 talet, og det vart utvikla av professor Goldstein A.P og hans medarbeidar ved eit senter for undersøking av utagering. I ART programmet blir det nytta dei same læringskanalane som blir nytta når barn lærer aggressive handlingar som er observasjon, imitasjon, direkte erfaringar og trening (Natrud, 2004).

ART kan brukast som primærførebyggjande tiltak i skulen og for personar med omfattande åtferdsvanskar. Brukaren av programmet har auka betrakteleg i Noreg dei siste åra, både i skulen, barnehage, ungdomsskule og ved barnevernsinstitusjon. For personar med lett grad av utviklingshemming, autisme, ADHD og Aspergers syndrom, er det gjort små modifikasjonar i programmet for å tilpasse kvar einskilt (Gundersen & Moynahan 2014). I ei ART gruppe vil barn og unge få moglegheit til å lære og trenе på alternative handlingar som er sosialt akseptable, samt konfliktløysningstrategiar. Meistring er ein viktig del for å opprettholde motivasjon og opplevelinga av at ein får til noko, det kan også påverke dei andre i gruppa (Natrud, 2004).

Eksempel på gjennomføring av timen kan vera at ein startar med velkomst, med tilbakeblikk frå forrige time. Ein samlar inn lekser og avsluttar med ART leik. Oppbygginga er lik komponent i alle timane. Det mest gunstige er å ha 6-8 personar i kvar gruppe, men kor mange som deltek kan justerast etter individuelle behov og funksjonsnivå. Nokon treng mindre gruppe å forholde seg til, på grunn av mindre forstyrningar eller behov for hyppige tilbakemeldingar frå trenar for å halde motivasjonen oppe. Ein får også ein større moglegheit til repetisjon og korrigering i eiga åtferd. Grupperegler er viktig å lage i oppstarten for å sikre eit godt læringsmiljø (Natrud, 2004). Døme på slike reglar kan vere å rekke opp handa når ein vil sei noko, lytte til sidemannen eller kva dei andre har å sei.

ART programmet består av tre komponentar som er trening av sosiale ferdigetar, sinnekontroll og trening i moralsk resonering.

### **6.1.1 Sosial ferdighetstrening**

Sosial ferdighetstrening er den første komponenten. Døme på dette er grunnleggande ferdighetar som å lære seg å lytte, presentere seg sjølv eller gje kompliment. Når dei grunnleggande ferdighetene er lært, går ein vidare og ein kan då jobba med avanserte sosiale ferdigheitar som til dømes å be om hjelp.

I all sosial åtferd handlar det om å ta i mot og forstå verbale og nonverbale signal. Det er forsking som visar at "*både barn og voksne som sliter sosialt, særlig med aggressjon, har redusert evne til å velge ut og tolke aktuelle sosiale signaler*" (Gundersen & Moynahan 2014, s. 211). I tillegg visar det seg i studiar at "*personer med atferdsvansker gir betydelig mindre blikkontakt og snakker mindre, samtidig som de har mer klossete bevegelser*" (Gundersen & Moynahan 2014, s. 211). Det syner seg generelt sett at personar med åtferdsvanskår skårar svakare på sosiale ferdigheitar. Det visar seg imidlertid også at trening på sosiale ferdigheitar har gjeve oppløftande resultat. Dette grunna i at trening førebrur dei med sosiale problem på sosial samansetningar, som igjen gjer det lettare for dei å meistre desse situasjonane. Det er ikkje dermed sagt at all sosial ferdighetstrening blir løyst ved trening, for det handlar også mykje om sosial tilpassing (Gundersen & Moynahan 2014).

Ferdigetsprogrammet består av 50- 60 ferdighetar fordelt på 6 tema. som er omtalt under.

- Grunnleggjande sosiale ferdigheitar: lytte, innleie og gjennomføre samtale, presenter seg sjølv og andre.

- Avanserte sosiale ferdigheitar: Be om hjelp, be om unnskyldning og gje instruksar.
  - Ferdigheitar for å handtere følelsar: uttrykkje følelsar, forstå andre sine følelsar, takle redsel.
  - Ferdigheitar som er alternative til aggressjon: be om lov, hjelpe andre, forhandle.
  - Ferdigheitar for å takle stress: å komme med og ta i mot klage eller kritikk, forsvare ein venn.
  - Planleggingsferdigheitar: å setje opp mål, ta avgjerder, bedømme kva ein er bra til.
- (Gundersen & Moynahan 2014, s. 213)

### **6.1.2 Sinnekontroll**

Sinnekontroll er den andre komponenten og handlar om å få kontroll over sinnet sitt og average utagering som resultat av sinne. Ein trenar på å hjelpe deltagarane til å identifisere eksterne sinneutlysarar og ta i bruk teknikkar for å dempe sinnet sitt. Gjennom kognitive restriksjonsstrategiar får eleven hjelp til å identifisere irrasjonelle tankemönster og erstatte desse med ei meir normal situasjonsforståing. Ein vert her oppmuntra til å utvikle alternative tankemönster eller sjølvinstruksar som bidreg til både å redusere konfliktar og skape ein mental avstand til sinneutlysaren (Gundersen & Moynahan 2014). Målet med treninga er å auke sjølvkontroll, og identifisere indre og ytre triggjarar samt fysiske signal i situasjonar der ein tidlegare har reagert med sinne og utagering. Dei blir her oppfordra til å starte med identifisering av kva som skjer i og utanfor seg sjølv, og kva dei alternative handlingane kunne ha vore i dei ulike situasjonane. Målet er å fokusere på eigne handlingar og erfaringar. Det vert lagt vekt på dei indre tiggjarane, fordi det er desse ein sjølv kan få kontroll over (Natrud, 2004). Programmet har fastlagt 10 leksjonar som eg no skal utdjupe.

Leksjon 1 - Innleiing	Strukturen på innleiinga til sinnekontrolltimane er lik som dei andre komponentane.
Leksjon 2 - Ytre og indre triggjarar	Ein lærer å bli kjent med indre og ytre triggjarar
Leksjon 3 - Signaler	Her lærer ein å dele sinne opp i kategoriar i ein sinneskala som blir nytta i ein bedømming over kor sint ein var.
Leksjon 4 - demparar og påminningar	I denne timen lærer elevane teknikkar for å dempe sinnet, dette er for at dei skal bli meir kontrollerbare. Døme på dette kan vere å trekke

	pusten langsamt, telle sakte baklengs frå 5 til 1 eller tenke positive tankar.
Leksjon 5 - mine eigne demparar	Her blir det ein utdjuping av leksjon 4. Temaet her er å finne ulike demparar til ulike situasjonar.
Leksjon 6 - konsekvensar	Her går ein gjennom situasjonar der aggressive handlingar har blitt nytta, og får ein foranalyse på situasjonar dei kan komme opp i.
Leksjon 7 - kva gjer eg når eg er sint	Bakrunnsviablar som lite søvn og korleis ein hamnar i konfliktsituasjonen.
Leksjon 8,9,10 - alternativ til aggressjon	Her tek ein føre seg reelle alternativ som gjer betre gevinst enn å bruke aggressjon

(Gundersen & Moynahan 2014, s. 225)

### 6.1.3 Moralsk resonnering

"*det er bra å hjelpe andre*", "*hvis jeg hjelper ham vil han hjelpe meg igjen*" (Gundersen & Moynahan 2014, s.237). Dette illustrerar moralsk tenking. Trening i moralsk resonnering er den siste komponenten i programmet. Moral kan betyr det same som kva som er rett å gjere. Ein vurderar om handlinga ein utøvde er rett i forhold til det sosiale fellesskapet ein deltek i og ikkje berre for seg sjølv som også er ein empatisk tankegang. Det forutset at elevane på førehand har vurdert kva konsekvensar handlinga vil ha både for seg sjølv, og for andre. Å ha moralske verdiar tyder ikkje berre å vita kva som er rett og gale i ulike situasjonar, men å forstå kva som ligg til grunn for desse val (Gundersen & Moynahan 2014). Målet med moralsk resonnering er å stimulere eleven til å auka modenskap som er alderstilpassa og sosialt akseptert åtferd, og utvikle dei til å vita kva moralsk resonnering er. Ein går her gjennom ulike situasjonar som elevane kan kjenne seg at i, dette for at dei skal forstå det betre. Desse timane har 4 stadium dei jobbar ut frå (Natrud, 2004).

Stadium 1. Omhandlar makt - Makt gjer at du har rett

Stadium 2. Omhandlar rettferdigheit - du gjer noko for meg, eg gjer det same for deg

Stadium 3. Omhandlar gjensidigkeit- gjer mot andre det du vil dei skal gjere mot deg

Stadium 4. Omhandlar system - bidreg du til samfunnet?

(Gundersen & Moynahan 2014, s.238-240)

## **6.2 ART trenar**

For å undervise i ART må ein vere ART trenar, og for å bli det kan ein ta ei vidareutdanninga "Trening av sosial kompetanse" med 60 studiepoeng (Gundersen & Moynahan 2014).

Trenaren har alltid med seg ein medarbeidar/trenar nr 2. Trenaren har ansvar for å sikre at ferdighetar som barna meistrar godt og nokre dei meistrar mindre eller ikkje meistrar i det heile tatt kjem med i programmet. Kjennskap til elvane er viktig for å få best utnytte av timane. Dette fordi ein då veit ein kva elevane treng og kan som trenar tilpassa timane og ta opp problem som passar til alle. Trenaren tek avgjersler om korleis timen skal gå. Det er ikkje alle tema ein skal ha open diskusjon om. Dette for å unngå triggering til utagering (Natrud, 2004). Det er også viktig at trenaren har forberedt med relevante eksempel dersom gruppa ikkje kjem på noko sjølv (Gundersen & Moynahan 2014).

## **6.3 Strukturen til ART timane**

"*For å bli god til noe må man trenere*" (Natrud, 2004). Strukturen på timane kan variere ut frå kva gruppe ein trenar saman med (Gundersen & Moynahan 2014). På praksisstaden min var det ei gruppe på 6 elevar frå 6-10 klassen der elevane hadde forskjellige diagnosar som til dømes autisme, lett- moderat psykisk utviklingshemming. Dei fikk tilpassa ART trening ut frå behova og ynskja deira. Gjennomføringa av timen blir gjennomført med ein bestemt struktur som består av desse 4 elementa:

Modellæring: ein modellerar ferdighetane gjennom rollespel.

Rollespel: Ferdighetane ein trenar på blir lærte ved hjelp av rollespel.

Tilbakemelding: Positiv tilbakemelding er noko mange har behov for å trenere på og dei fleste tilbakemeldingane gjer moglegheit til repetisjon.

Generalisering: Når elevane har lært å bruke ferdighetane i daglemlivet kan ein sei at det har skjedd ein reell åtferdsendring i eleven sin handlingsreportar. Det handlar om å kunne meistre kva som er rett til rett tid og rett stad (Natrud, 2004).

## **7. Forsking**

For å finne ut om programmet har verknad har eg nytta fagfellevuderte tidsskrift. Eg har her teke i bruk to artiklar, den eine har gått litt vidare enn å berre sjå på effekten av programmet. Den syner kva deltakarane ser på som er det mest verknadsfulle effekt av i programmet. Og den andre ser på sjølve effekten i ein liten klasse. Den første er ei omfattande undersøking

skriven av Eliassen (2012) og den andre er mindre og er skriven av Moe & Stamnes (2016). Tanken bak dette er å nytte forskjellige artiklar og sjå om resultata vert forskjellige.

Eliassen syner til fleire studiar som har forska på om ART programmet har effekt. Studien ho syner til er basert på effektstudiar, der kvalitative endringar i problemåferd og sosial kompetanse blir målt ved å spørje læraren, føresette og barnet sjølv om dei har observert endring. Studiane bekreftar effekt av ART programmet men det visar ikkje kva i programmet som gjer at det fungerar, kvifor og kva som kan gjerast for å forbetre tiltaket. I forskinga til Eliassen undersøker ho kva som ligg bak denne dokumenterte effekten av ART, der brukaren si oppleving er viktig å ta i betraktnsing for å forbetra et verknadsfullt program.

Det syner seg frå studiar at ART med ein kombinasjon av dei tre komponentane gjer ein påliteleg og langsiktig reduksjon av aggressiv og voldleg åferd. Dette fordi at ein trenar både ferdighet, og det å kontrollere sinnet, i tillegg til at ein får gjennomgang moralske dilemma som kan oppstå ved aggressive og voldlege utbrot. Vidare visar det seg at programmet kan ha motsatt effekt dersom det ikkje blir gjennomført på riktig måte.

Delakarane i Eliassen (2012) si undersøking var ca 70 elevar der det var inkludert både elevar frå barneskule og ungdomsskule. Det var 13 ulike ART grupper og kvar av gruppene skulle innehalde minst ein elev frå kvar alvorlegheitsgrad av uynskja åferd. To av gruppene hadde deltakarar med Asperger syndrom, autisme og ei av gruppene hadde barn med spesielle behov, der desse gruppene nyttar eit utvida ART program som er tilpassa dei det gjeld. Undersøkinga har tatt utgangspunkt i spørjeskjema og vurderingar frå føresette, lærarar og eleven sjølv der dei vart stilt spørsmål før, i og etter periode på ti veker. Sida studiar frå før har vist effekt ynskjer Eliassen å fastslå at ein endring har førekommome i ART- gruppa, og at desse endringane kan belyse motivasjonsdata.

Moe og Stamnes syner til ei mindre gruppe enn forskinga til Eliassen. Denne har teke utgangspunkt i 24 elevar ved ein skule i midt-Norge. Det er ei lita studie som gjer at ein må ta hensyn til feilkjelder. Ein kan ikkje generalisere resultata på grunn av liten populasjon, men ein kan belyse nokon tilfeller som oppstod.

Dei 5 områda som vart målt i undersøkinga er:

- 1 Klasseferdigheit.
2. Skaffe seg vener.
3. Meistre kjensler.

4. Alternativ til aggressjon.

5. Å takle stress.

## 8. Diskusjon

Eg har teke føre meg ART som tiltaksprogram i grunnskulen fordi det er viktig å byrje tidleg med å lage gode vanar for personar med åtferdsproblem. Når eleven byrjar på vidaregåande bør programmet vere så godt innarbeidd at ein tek det med seg vidare og kan fortsette med treninga. Eliassen (2012) og Moe & Stamnes (2016) syner til resultat som er med på å understreke problemstillinga til denne bacheloroppgåva. I diskusjonen av ART- analysen presenterar eg og drøftar resultat frå forskinga til Eliassen (2012) og Moe & Stamnes (2016) og knytt dette opp mot mi litteraturstudie. Eg startar drøftinga mi med å dele analysen opp i tre spørsmål for å svara på problemstillinga mi. Desse spørsmåla er:  
Hjelper ART i forhold til sinne og aggressjon? Kvifor hjelper ART?  
Korleis verkar ART i praksis?

Problemstilling:

"*Kva er vernepleiaren si rolle i skulen i forhold til åtferdsproblem og utagering av barn og på kva måte kan ART programmet hjelpe til å løyse dei utfordingane som oppstår ved aggressjon og sinne ?*"

### 8.1 Hjelper ART i forhold til sinne og aggressjon?

Eliassen (2012) si forsking syner at 49.5% av deltakarane svarte at sinnekontroll var det elementet i ART programmet som var artigaste, medan 60.6% meinte sinnekontroll var det mest lærerike. I tillegg meinte 72,8% av deltakarane at ART hadde hjelpt dei i vanskelege situasjonar. Moe & Stamnes (2016) bekreftar også dette i sin artikkel, der alle elevane synt framgang på dei 5 punkta som vart kartlagt. Det å stå fram, rollespele og få positive attendemeldingar var svært positivt, og har gjort noko godt med sjølvkjensla til elevane. Eg meinat dette er målet med treninga, at det hjelper elevane i kvardagen. Ved å hjelpe barna i vanskelege situasjonar kan ein auke livskvaliteten og sjølvkjensla deira. Ikkje berre for enkelte elevar har ART vist seg å verke inn, men har også vist positiv utvikling i klassemiljøet, dette grunna positive attendemeldingar på det ein meistrar, som har ført til samhald og forståing i klassen. Resultata frå spørjeskjema til Eliassen (2012) syner nedgang i problemåtferd. Dette indikerar at ART kan nyttast som program for å minke problemåtferd som aggressjon og sinne, uavhengig om ein har ei utviklingshemming eller ikkje. Eg trur det er viktig å få hjelp vanskelege situasjonar dersom ein har ein utviklingshemming dette grunna at

situasjonane ofte er vanskeligare på grunn av mental alder og evna til å lære ifølge Eknes (2009).

Vidare syner forskinga at deltakarane svara at funksjon og emosjon var dei viktigaste elementa for alle. Eliassen (2012) fortel vidare at dette kan indikere på noko positivt der deltakarane ynskjer å få noko ut av ART. Dei deltakarane som sjølv hadde bestemt at dei skulle vere med, vurderte innhaldet som viktigast. Moe & Stamnes (2016) bekreftar også at dei fleste har fått noko ut av ART treninga, men det har faktisk skjedd ei lita tilbaketreking i det å takle stress ut frå det elevane rapporterte. Her nemner Moe & Stamnes (2016) at det er viktig å ta med at elevane ikkje klarar å observere seg sjølv. Forskingsfeltet syner at dersom programmet vert nytta feil, eller elevane ikkje sjølv ynskjer å delta, kan programmet ha motsatt effekt og gjere tilstanden verre for eleven. Begge artiklane understrekar dette saman med motivasjon. I slike tilfeller vart nokre elevar meir stressa i enkelte situasjonar etter fullført program. Desse situasjonane kan eksempelvis vere dersom elevane meinar dei har nok vener, og i programmet skal trenre på å få fleire. Dette kan gjere eleven usikker, frustrert og sint.

Resultat frå studien til Eliassen (2012) syner at ART deltaking gjev ei positiv endring i problemåtfred og sosial kompetanse. Grunnen til at sinnekontroll vert vurdert som nyttigast hjå desse barna, kan vere grunna i at aggressjon og impulskontroll er sentralt i åtferdsvanskar og at deltakarane meinar dei har mest behov for å finne alternativ utaggerande åtferd. Vidare fortel Eliassen (2012) at god informasjon om programmet før det startar har vore ein sentral del når det gjeld å auke motivasjonen og effekten av programmet.

Føresette og lærarar vurderte barna før , i og etter programmet. Resultata syner at føresette og lærarane ikkje vurderte åtferda og sosialkompetansen likt. Eliassen (2012) meinar dette kan ha noko med at føresette ser det individuelle barnet på ein anna måte enn læraren, som ser elevane saman med klassen. Det vert også forventa forskjellig sosialkompetanse heime og på skulen som Moe & Stamnes (2016) også bekreftar. Vidare fortel lærarane at dei tykkjer at elevane som var "stille og usynlege" hadde hatt stor verknad av treninga.

## **8.2 Kvifor hjelper ART?**

Gjennom programmet har elevane blitt sett, høyrt og fått bekreftingar, dette har ført til at dei har stått fram, meistra, fått mykje merksem og ros frå medelevar, læraren og føresette, som har ført til eit positiv samhald. Dette er viktige faktorar for både sjølvkjensla og livskvalitet

(Næss, 2010). Som eg tidlegare har skrive om sinne, aggressjon og åtferdsproblem kan ein sjå at ART programmet har vist verknad på desse områda.

Det er individuelle behov som avgjer kven som har verknad av programmet og ikkje, men ein ser at for dei som treng hjelp med aggressjon eller sosiale problem har stor nytte. Starten og slutten på timane med ART treninga er alltid lik i programmet, dette skapar tryggleik og ein struktur som gjer at utviklinga skjer innanfor trygge rammer. I treninga får ein premie som gjev motivasjon, eksempelvis leik, klistermerker eller drops. At elevane er motivert fører til betre konsentrasjon, nytte og framdrift i programmet. Resultatet frå Eliassen (2012) syner at deltakarane har behov for både tryggleik, informasjon, tilbakemelding, leik og rollespel for at ein skal få positive resultat av programmet som kan auke livskvaliteten til elevane.

### **8.3 Korleis verkar ART i praksis**

Studien til Eliassen (2012) syner at det kan vera nyttig å sjå på kva som ligg bak ein dokumentert effekt av eit program, og at det er viktig å ta i bruk elevane sine opplevingar for å betre eit verknadsfullt program

På min praksisstad nytta dei ART programmet som førebygging på utagering. ART treningar har ført til at ein elev som før knuste dører og raserte rommet sitt når han vart sint, hadde etter treninga lært seg å takle det å vere sint ved å telle til 10, eller late som han klemte ei appelsin. Det som skjer med eleven er døme på ha både sinnekontroll og sjølvkontroll som er relevant for å oppnå høgare grad livskvalitet på skulen. Eit anna døme er ein annan elev som ved utagering klora, lugga, sparka og slo. Skulen lagde avvikskjema og noterte all utagering frå eleven. Etter trening med ART kunne ein sjå tydleg nedgang i utageringa parallelt med at eleven takla utageringa betre. Desse eksempla speglar det Gundersen & Moynahan (2014) fortel om sinnekontroll tidlegare i oppgåva. Før måtte lærarane ved utagering ta tak i eleven og utøve tvang då det var fare for sjølvskading, eller skade på medelevar og lærarar/vernepleiar. Programmet gjore at ein fikk opna auga til elevane, då dei tidlegare ikkje har klart å sjå konsekvensane av handlingane dei har utøvd.

Vernepleiaren sin rolle er sentral for å få eit tverrfagleg lag rundt elevane på skulen, spesielt for dei som verkeleg treng det. Det finnes fleire sider ved dette, det som vil verte positivt er at kompetansen til vernepleiaren er nyttig når ein arbeidar med utviklingshemming, aggressjon og utagering på skulen. Eit tverrfagleg samarbeid kan også føre til usemje sidan ein har forskjellig utdanningsbakgrunn. Derfor er det viktig å respektere kvarandre sine meiningar og, få fagleg utbytte av kvarandre. Her kjem det som omhandla empati frå Røknes & Hanssen

(2012) inn. Eit tverrfagleg kompetanse lag har moglegheit til å diskuterte kva ein kan gjere for å minke utagerageringa for barn med åtferdsproblem.

Linde (2010) skriv at aggressjon kan vere ein grunn som gjer at elevane får følelse av makt, det kan styrka utagering og den kan bli hyppigare. Utagering er ein av dei største utfordringane lærarane møter. Vernepleiaren har kompetanse innan medisin, tvang, sjølvbestemming noko som er sentralt i arbeidet med utagering. Makta forsterkar sinnet og utageringa til elevane.

Dette kan seinare gå over til åtferdsproblem. Dersom eleven utagerar og ikkje blir forstått kan det verte tolka feil og føre til hyppigare utagering. Kompetansen til vernepleiaren som omhandlar forståinga for den andre med tanke på sjølvbestemming, tilrettelegging og etikk er viktig. Det kan dermed vere lettare å finne årsaka til utageringa og dermed få løyst problemet tidlegare. I tillegg meinar eg også at ein kan oppdage problem før det går over til åtferdsproblem dersom eit tverrfagleg lag i skulen fungerar bra, og utnyttar den føreliggande kompetansen.

Programmet vart nytta på elevar med utviklingshemming på praksisstaden min, den hadde stor effekt, fordi dei fekk forklart konsekvensar av handlingane sine. Treninga med skodespel som ofte vert nytta i ART, gjore det reelt for eleven å forstå kva ein kunne gjere og kva ein ikkje kunne gjere når ein vert sint. Elevane vart vist både positive og negative konsekvensar ved utagering gjennom skodespela og vart forklart kvifor utfallet vart enten positivt eller negativt. I rollespel fikk dei prøvd ut programmet som gjore det lettare for dei å sjå korleis det var i verkelegheita. Det å forklare elevane kva den andre føler når nokon blir sinte gjore det lettare å forstå konsekvensane dei fikk, og dermed ei erfaring som dei kunne ta med seg i kvardagen, dette er eit eksempel på evne til å vere empatisk i følge Røknes & Hanssen (2012). Vald er lært åtferd, og ingen har tidlegare lært elevane kva ein kan gjere i staden for å utagere. Gjennom treninga går ein grundig gjennom problemet, kva som ligg bak, og kva ein kan gjere når problemet kjem opp.

Det visar seg at erfaringane eg har frå praksis bekreftar det forskinga syner om ART programmet. Tidlegare i oppgåva siterte eg: "for å bli god til noe må man trenere". Dette gjeld alle ferdigheitar og talent. Dersom ein skal lære seg å spele gitar må ein øve, om ein skal lære seg å takle sinne må ein også øve. Repetisjon er også forsterkande og ein lærer meir fordi ein då får utnytta læringa i større grad. Ein stor fordel med programmet er at ein kan tilpasse det til gruppa ein skal bruke det på.

Som vernepleiarstudent ser eg nytten av å førebu. Alle kan bli sinte og reaksjonane kan ha store konsekvensar om ein ikkje har lært å takle sinne, som kan vere vanskeleg for ein person med utviklingshemming eller aggressjonsproblem. Å førebu elevane på å takle utagering kan føre til mindre behov for bruk av tvang og makt. Dette er noko vernepleiaren jobbar for og programmet er eit tiltak som kan vere nyttig i skulen. Programmet kan hjelpe å løyse utfordingane lærarane møter på skulen som aggressjon og sinne. Vernepleiaren aleine kan ikkje arbeide med ART programmet, ein må då ha ei vidareutdanning. I eit tverrfagleg lag kan vernepleiaren vere ein resurs i arbeide med slike utfordingar.

Resultat av ART kan vera at elevar med åtferdsproblem og utviklingshemming kan vere med i vanlege skuletimar og ein del av mangfaldet i klassen, i staden for å få eige klasserom. Elevane kan vere der fordi dei klarar å takle problem som oppstår og har lært sosialåtferd som passar inn i klasseromet, som det å rekke opp handa og lytte. Ein vil då oppleve mindre uro og forstyrringar enn tidlegare. Uansett om ein elev med utviklingshemming går på ein liten eller stor skule kan ART føre til at eleven kan vere meir med i klassen dersom det er føremålstenleg. Dette gjer også at dei blir inkludert i klassen.

Ved å utføra eit litteraturstudium kan ein nytta mykje relevant forsking. Problem her kan vere at noko vert oversett, eller at søka ikkje er tilstrekklege. Etter å ha gjennomført bacheloroppgåva mi kan eg sjå at det er gjort lite forsking på ART som program for å hjelpe barn med utviklingshemming. Vidare ville eg ha teke føre meg eit emperi og sett meir på verknaden av programmet for barn med utviklingshemming, og for problema dei møter på skulen.

## **9. Konklusjon**

Eg har i denne oppgåva fått understreka at mine erfaringar stemmer overeins med det forskinga syner. Dette er bra, sidan programmet er så grundig og lærerik for elvane som treng det. Eg har også lært at programmet kan ha motsatt effekt dersom det ikkje blir følgt slik den skal. Som vernepleiar kan ein ikkje vera ART trenar utan vidareutdanninga innan feltet, slik alle ART trenrar må ha. Men ein ser at ein treng tiltak i skulen for å redusere aggressjon, sinne og åtferdsproblem. Tiltak kan hjelpe elevane i framtida. For å sette det på spissen kan ein sei at ein person med utviklingshemming som utagerar kan i framtida til dømes kun trenge ein assistent og klare seg mykje sjølv, i staden for å ha med seg tre assistenter. Utageringa vil fortsette og elevane blir større, sterkare og dermed farligare dersom dei ikkje klarar å takle

aggresjon. Programmet er nok ikkje bra i alle tilfeller, å utsette barn som ikkje treng denne type trening eller ikkje får utbytte kan få negative tankar og handlingar og det kan føre til motsatt effekt. Det er derfor viktig at ein må sjå på gruppa sitt behov og tilpassa programmet til kvar enkelt individ. For å oppdage problem og lage tiltak er vernepleiaren ein viktig ressurs i skulen. Som også blir ein del av at eit tverrfagleg lag i skulen eller rundt den det gjeld.

## **10. Litteraturliste**

### **Bøker**

Buli-Holmberg J. & Ekeberg T.R. (2013). *Likeverdig og tilpasset opplæring i ein skole for alle*. Oslo: Univeritetsforlaget

Dalland O. (2015). *Metode og oppgåveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Dale E.L. (red). (1997) *Etikk for pedagogisk profesjonalitet*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag AS

Eknes J., Bakken T.L., Løkke J.A. & Mæhle I. (2009) *Utredning og diagnostisering*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Gundersen K. & Moynahan L. (2014). *Nettverk og sosial kompetanse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Røknes O.H. & Hanssen P. (2012) *Bære eller briste komunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagforlaget

Strømgren B. (red). (2005) "Hvorfor aggressjonstrening?", "Hva er art" & "Grunnlag til å velge ART som metode". Strømgren B, Gundersen K & Moynhan L.(red.), *Erstakk Aggresjonen(side 17-102*. Oslo: Univeritetsforlegat.

### **Artiklar og internettkjelder**

Drugli M.B. (2012) *Skole- hjem- samarbeid når eleven har atferdsvansker*. Bedre Skole nr 4. Henta den 03.05.2016 frå: <http://docplayer.no/233306-Skole-hjem-samarbeid-nar-elever-har-atferdsvansker.html>

Eliassen S. (2012). *Aggression Replacement Training: Deltakernes vurdering av motivasjonell faktor*. (Hovudoppgåve, Universitet i Tromsø) Henta den 22.1.16 frå: <http://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/4380/thesis.pdf;jsessionid=7FF798D4F280A35046F98D274486F90D?sequence=2>

Fellesorganisasjonen. (2008). *Barnevernpedagoger Sosionomer Vernepleiere i skole, barnehage og SFO*. Henta den 08.04.2016 frå : [https://www.fo.no/getfile.php/01%20Om%20FO/Hefter%20og%20publikasjoner/Skolebrosjyre\\_nett.pdf](https://www.fo.no/getfile.php/01%20Om%20FO/Hefter%20og%20publikasjoner/Skolebrosjyre_nett.pdf)

Linde S. (2010) *SOR Rapport nr 3*. Oslo. Stiftelsen SOR, samordningsrådet for arbeid for mennesker med psykisk utviklingshemming

Natrud A. (2004). *Aggression Replacement Training- et levende metodeprogram*. Norges Barnevern nr 4. 2004 årgang 81. Henta den 20.04.16 frå: <http://www.stiftelsen-hvasser.no/documents/AggressionReplacementTraining.pdf>

Nordal T., Mausethagen S. & Kostøl A. (2009). *Skoler med liten og stor forekomst av åtferdsproblemer*. Raport nr 3. Høgskulen i Hedemark. Henta den 03.05.2016 frå: <http://docplayer.no/156618-Skoler-med-liten-og-stor-forekomst-av-åtferdsproblemer.html>

Nygren P. (2006-2007). Socialt utsatte børn og unge i et handlekompeteprspektiv. Danmarks Pædagogiske Universitetsforlag. Henta den 04.05.2016 frå: [http://edu.au.dk/fileadmin/www.dpu.dk/forskning/forskningsprogrammer/organisation\\_og\\_laering/forskningsprojekter/hpa/publikationer/arbejdspapirer/hpaserienno1/03socialt\\_utsatteboernogungeiethandlekompetenceperspektiv/om-dpu\\_institutter\\_paedagogisk-sociologi\\_hpa\\_ex2db-c3-b8ger\\_20091001143611\\_03\\_socialt\\_utsatte\\_b-c3-b8rn\\_og\\_unge.pdf](http://edu.au.dk/fileadmin/www.dpu.dk/forskning/forskningsprogrammer/organisation_og_laering/forskningsprojekter/hpa/publikationer/arbejdspapirer/hpaserienno1/03socialt_utsatteboernogungeiethandlekompetenceperspektiv/om-dpu_institutter_paedagogisk-sociologi_hpa_ex2db-c3-b8ger_20091001143611_03_socialt_utsatte_b-c3-b8rn_og_unge.pdf)

Næss S. (2001). *Livskvalitet som psykisk velvære*. Tidsskrift for Norsk Legeforening nr 4. Henta den 04.05.2016 frå : <http://tidsskriftet.no/article/357518/>